

From: Karen Strand
Sent: onsdag 30. mars 2022 11:51:50
To: Postmottak Ulstein
Subject: Innspel til skulestruktursaka

Hei.

Ulsteinvik barneskule har sendt ut ein førespurnad til medlemmar av samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet om å uttale seg i høve utgreiinga av ny skulestruktur.
Skulen har berre fått ei tilbakemelding. Sender denne slik at de kan vurdere om den skal vere med vidare.

- Kritisk til å slå saman Ulsteinvik og Ulstein skule med tanke på at elevtalet i sentrum er såpass høgt som det er no, og at skulen er stor nok slik den er i dag. Samstundes ser ein at elevtalet ved Ulstein ikkje bør bli noko særleg lågare enn det er no. Difor bør ein gjere nokre grep for å minske elevtalet i sentrum noko, og samstundes auke elevtalet på Ulstein, som t.d. å flytte grensa dersom ein kan tene nok på det.
- Når det gjeld Haddal og Hasund skule så er det ekstra vanskeleg å uttale seg når ein som forelder ikkje er direkte involvert, men med utgangspunkt i det som kjem fram i rapporten så tenker ein at det vil vere berekraftig og framtidsretta å slå saman skulane og flytte Haddal-elevane til Hasund.
- Generelt skeptisk til veldig små skular med svært låge elevtal, både med tanke på at det sosiale miljøet for elevane kan vere svært sårbart, men også med tanke på skuleleiing, fagmiljø og det profesjonsfaglege fellesskapet mellom lærarane. Argument som at skulane er viktig for bygda og for distriktpolitikken held ikkje mål. Med tanke på barnets beste bør ein i større grad løfte fram pedagogiske argument, rammene og innhaldet i skulen.

Med vennleg helsing

Venleg helsing

Karen Strand
rektor
Ulsteinvik barneskule



ULSTEIN KOMMUNE <http://www.ulstein.kommune.no>

Tlf. 70017500 | Mob. 99412490
postmottak@ulstein.kommune.no
www.ulstein.kommune.no